

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON AV VERKSEMDA I KOMMUNEN  
2020-2023

SULA KOMMUNE

### **Møre og Romsdal Revisjon SA**

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund. Ved etablering hadde selskapet 26 tilsette.

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultata frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovedføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Ålesund, 17.08.2020

## INNHALD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1 Innleiing</b> .....                                      | <b>6</b>  |
| 1.1 Forvaltningsrevisjon.....                                 | 6         |
| 1.2 Risiko og vesentlegvurdering (ROV).....                   | 7         |
| 1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....                   | 8         |
| 1.4 Det kommunale plansystemet .....                          | 8         |
| 1.5 Kjelder .....   | 9         |
| <b>2 Kort om Sula kommune</b> .....                           | <b>10</b> |
| 2.1 Politisk organisering .....                               | 10        |
| 2.2 Administrativ organisering.....                           | 11        |
| 2.3 Overordna mål for Sula kommune.....                       | 11        |
| 2.4 Økonomi og økonomiske nøkkeltall.....                     | 12        |
| <b>3 Kommunale tenester – sektorovergripande område</b> ..... | <b>15</b> |
| 3.1 Intern kontroll og system for avvik .....                 | 15        |
| 3.2 Openheit og innsyn .....                                  | 17        |
| 3.3 Arkiv og dokumentasjon .....                              | 18        |
| 3.4 Digitalisering.....                                       | 19        |
| 3.5 Saksbehandling.....                                       | 19        |
| 3.6 Offentlege innkjøp.....                                   | 20        |
| 3.7 Offentleg støtte .....                                    | 21        |
| 3.8 Etikk og varsling .....                                   | 22        |
| 3.9 Informasjonssikkerheit og personvern .....                | 22        |
| 3.10 Arbeidsmiljø .....                                       | 23        |
| 3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap.....                     | 24        |
| <b>4 Kommunale tenester – sektorar</b> .....                  | <b>26</b> |
| 4.1 Barnehage .....   | 26        |
| 4.2 Grunnskule .....  | 27        |
| 4.3 Helse .....   | 28        |
| 4.4 Barnevern .....   | 29        |
| 4.5 Pleie og omsorg .....                                     | 30        |
| 4.6 Psykisk helse og rus .....                                | 32        |
| 4.7 NAV - Sosialteneste .....                                 | 33        |
| 4.8 Kultur.....   | 34        |
| 4.9 Teknisk .....   | 34        |

|  |    |
|--|----|
| 4.10 Miljø .....   | 38 |
| 5 Vedlegg .....  | 40 |
| Statistikk og nøkkeltal .....                                | 40 |
| Befolkning, befolkningsendring og befolkningsutvikling ..... | 40 |
| SSB - KOSTRA .....   | 42 |
| Kjelder.....   | 47 |

## 1 INNLEIING

### 1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

#### Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgande om plan for forvaltningsrevisjon:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

#### Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltinga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

#### Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

## 1.2 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO<sup>1</sup>-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemder, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.




Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Risikovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreff
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreff

I risikovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntreffe og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreff.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

| Risikofaktorar | Bakgrunn for risikovurdering                |                                     | Risiko-vurdering<br>L = lav<br>M = medium<br>H = høg |            | Risikonivå  |
|----------------|---|-------------------------------------|--|------------|---|
|                | Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff | Konsekvens om risikofaktor inntreff | Sannsynlegheit                                       | Konsekvens |   |
| <b>Område</b>  |   |                                     |  |            |   |
|                |   |                                     | M  | H          |  |
| <b>Teneste</b> |   |                                     |  |            |   |
|                |   |                                     | L  | M          |  |
| <b>Oppgåve</b> |   |                                     |  |            |   |
|                |   |                                     | L  | L          |  |

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

<sup>1</sup> COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

### 1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av reglar.

Sula kommune nyttar kvalitetssystemet RISK MANAGER.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*:

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og reglar

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:

- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesse oppfølging og overvaking


Komponentane fortel kva som bør leggast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.

### 1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommuner har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemd og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstillere krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.



Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet  
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

## 1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekkje skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med Kontrollutvalet
- Intervju med rådmann og økonomisjef
- Spørjeundersøking til formannskapet
- Spørjeundersøking til einingsleiarar
- Kontakt med tilsette om enkeltspørsmål

## 2 KORT OM SULA KOMMUNE

Det var 9 310 innbyggjarar i Sula kommune 1.1.2020.


Det var 981 personer sysselsatt i kommunal sektor i Sula kommune i 2018. Desse var fordelt på 690 årsverk: 287 i helse og omsorg, 23 i barnevern og sosialtenesta, 195 i grunnskule, 94 i barnehage, 70 i administrasjon, 8 i kultur, 5 på tekniske tenester og 8 i kategorien anna.

På heimesida til kommunen er det delt i følgende tenesteområde:

- Oppvekst og utdanning
- Helse og omsorg
- Bygg og bu
- Kultur, idrett og fritid

SSB har følgende oversikt over korleis utgiftene i Sula kommune fordeler seg på nokre utvalde område:

### Utgifter etter utvalgte områder. 2019




### 2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret består av 29 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar og har også funksjonar som kommuneplanutval, . Det er i tillegg 4 fagutval

med 7 medlemmar kvar: Fagutval for kultur og folkehelse, Fagutval for teknisk område, Fagutval for helse og sosial, og fagutval for oppvekst. Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som eldrerådet, namnenemnda, råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting, Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og utvalet for viltsaker.

Det er utarbeidd egne reglement for kommunestyret, formannskapet og dei politiske utvala (2008). Det er og utarbeidd delegasjonsreglement (2015) og prinsipp for delegering (2008). Reglementa gir reglar og oversyn over ansvarsområde og mynde til å gjere vedtak.

## 2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING



Kjelde: sula.kommune.no

## 2.3 OVERORDNA MÅL FOR SULA KOMMUNE

Kommuneplanen har ein samfunnsdel som gjeld for perioden 2010-2020. Samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyret 11.06.2011, og er ein overordna plan for samfunnsutviklinga i perioden. I planstrategien 2016-2020 som vart handsama i 2017 gjekk det fram at det var behov for å sjå på kommuneplanen på nytt i valperioden. Det er slik vi forstår det ikkje gjort.

Kommuneplanen skal gje eit grunnlag for alle andre langsiktige og kortsiktige planer i kommunen: økonomiplan, årsplan, sektorplaner, kommunedelplaner, reguleringsplaner etc.

Det går fram følgande 10 hovudmål i planen:

Samfunnsperspektiv:

1. Styrke veksten og samarbeide om regional utvikling
2. Etablere ei berekraftig utvikling
3. Etablere harmonisk mangfald
4. Snu negative trendar innan folkehelse og fremje kunnskap mellom aldersgrupper om rett kosthald og fysisk fostring

Organisasjon og tilsette

5. Ei vellykka samhandlingsreform
6. Vere attraktiv arbeidsgjevar som skapar godt rykte
7. Styrke leiarfunksjonen på alle nivå
8. Etablere likestilling/likelønn

Brukarar og tenester

9. Gode tenester og nøgde brukarar

Økonomi

10. Etablere og oppretthalde ein sunn og berekraftig økonomi med forutsigbare rammer

Kommuneplanen er så vidt nemnd i økonomiplanen for den komande perioden.

Planstrategi for Sula kommune 2016 – 2019 er ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument med ei vurdering og prioritering av planar for komande fireårsperiode. Det skal vedtakast ny planstrategi i 2020.

## 2.4 ØKONOMI OG ØKONOMISKE NØKKELTALL

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nøkkeltal for kommunen henta frå KOSTRA.

| Nøkkeltall   | Enhet   | Sula   |        |        |        | Kostra-<br>gruppe 10 | Landet<br>uten Oslo |
|--|---------|--------|--------|--------|--------|----------------------|---------------------|
|  |         | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   | 2019                 | 2019                |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                       | prosent | 3,3    | 1,3    | -1,3   | 0,6    | -0,2                 | 1,5                 |
| Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 3,5    | 3,8    | 2,3    | 2,7    | 0,8                  | 1,1                 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)             | prosent | 37     | 35,3   | 29,4   | 30,4   | 21,7                 | 20,6                |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                     | prosent | 57,7   | 61     | 65,6   | 64,5   | 57,1                 | 48                  |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)  | prosent | 122,6  | 128,8  | 135,7  | 133,9  | 116,1                | 111                 |
| Frie inntekter per innbygger (kr)  | kr      | 54 048 | 54 943 | 55 585 | 58 457 | 55 926               | 57 316              |
| Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                      | prosent | 16,2   | 16,1   | 14     | 13,9   | 9                    | 12                  |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                | prosent | 19,8   | 27,2   | 16,8   | 10,2   | 17,3                 | 16,2                |
| Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)    | prosent | 14,7   | 42     | -6,6   | 29,3   | 38,5                 | 33,8                |

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. Gjennomsnittet for Sula dei siste 4 åra er 1%.

Kommunen har eit økonomireglement som ikkje er datert. Det ligg føre ein kortversjon av dette frå 2002. I samband med forvaltningsrevisjon i 2019 vart det gjort følgjande tilrådingar frå kommunerevisjonen om at kommunen burde vurdere å:

- Oppdatere reglement for investeringsprosjekt (tilbakemelding var då at arbeid alt var sett i gang)
- Sjå nærare på rutinar for investeringsprosjektbudsjettering
- Gjennomføre samla rapportering av økonomi knytt til alle investeringsprosjekt i samband med ordinær økonomirapportering (tertial)
- Gjere budsjettendringar i samband med faste rapporteringar når ein ser at prosjekt blir forseinka eller ikkje gjennomført.
- Leggje fram revisorattesterte prosjektrekneskap til kommunestyret via kontrollutvalet ved større investeringsprosjekt.
- Sjå nærare på utforming av lånevedtak.

Vidare at

- Kontrollutvalet bør følge opp problemstillingane i denne rapporten etter ei viss tid, og det kan kanskje vere aktuelt for kontrollutvalet etter kvart å vurdere om ei oppfølging av denne rapporten kan vere å bestille ein forvaltningsrevisjon som går konkret i djupna på prosjektstyring av investeringsprosjekt. Dette kan mellom anna vere kontraktsoppfølging (innkjøp), bruk av prosjektmodell med faseinndeling, utgiftsberekning, risikovurderingar mv.

Finansreglementet er oppdatert i oktober 2018. Det blir etter vår vurdering utarbeidd relativt grundige rapporteringar innan finans/økonomi til formannskap og kommunestyre.

Det er krav i ny kommunelov om at kommunane skal vedta eigne finansielle måltal. Sula kommune har ikkje gjort slikt formelt vedtak, men det går fram i budsjettdokumentet vurderingar omkring dette. Administrasjonen tek sikte på å innarbeide måltal i nytt økonomireglement.

KS har delt måltall på «Svært utsatt», «Lite handlingsrom», «Moderat handlingsrom» og «Større handlingsrom». Dette er presentert i årsbudsjettet til Sula kommune for 2020. I tabellen under er det sett inn forslag for såkalla «Moderat handlingsrom».

|   | Forslag KS<br>"Moderat<br>handlingsrom" | Måltal omtalt i<br>budsj.dok | KOSTRA 2017 | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 |
|---|---|------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 1-2 %                                   | 0 %                          | 1,3 %       | -1,3 %      | 0,6 %       |
| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter     | 5-8 %                                   | Minst 5%                     | 12,3 %      | 11,8 %      | 11,2 %      |
| Netto lånegjeld i % av driftsinntekter      | 65-75%                                  | Maks 100%                    | 117,3 %     | 123,8 %     | 142,4 %     |

Omtalen i budsjettdokumentet var:

**Netto driftsresultat**, det anbefalte frå teknisk berekningsutval er 1,75 %, på sikt må det også vere målsettinga for Sula kommune, men første mål må nok vere å komme i balanse dvs 0.

**Disposisjonsfond**, målsettinga bør vere å redusere bruken av fond slik at vi ikkje får fondet under moderat handlingsrom dvs. mindre enn 5 %.

**Netto lånegjeld**, lånegjelda korrigerert for utlån og ubrukte lånemidler gir netto lånegjeld. Dette er det vanskeligaste målalet Sula kommune har alt ei høg gjeld og med bygging av ma Rørstadmarka skule og renseanlegg unngår vi ikkje at lånegjelda aukar. Riksrevisjonen definerer for høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune sin målsetting bør vere å komme ned på 100 %, men det vil ta tid.

### 3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

#### 3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i internkontrollen i kommunane er løfta frem i den nye kommuneloven kapittel 25. Dei nye internkontrollreglane skal i loven og ny forskrift erstatte kommuneplikta i særlovgiving som gjeld i dag. Det er sett i gang eigen prosess med sikte på å oppheve eller endre internkontrollkrav i særlovgivinga. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova trer i kraft når dette er klart. Fram til kapittel 25 trer i kraft gjeld følgande overgangsreglar jf. § 31-3:

- a. *Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.*
- b. *I årsberetningen skal det redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten.*
- c. *Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.*

Rådmannen har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Risikostyring og internkontroll skal være ein integrert del av ei heilskapleg verksemdstyring.

Sula kommune nyttar kvalitetssystemet RISK MANAGER som dei tilsette har tilgang til. Der ligg link til overordna styringsdokument og aktuelle planar/styringsdokument i sektorane. Vidare ligg det inne eit stort omfang av viktige rutinar for det daglege arbeidet. Det ligg og inne rutinar for registrering og handtering av avvik. Systemet er m.a. oppdatert med ei rekke rutinar knytt til handtering av COVID-19, noko som viser at det blir oppdatert. Det ser ein og på nye rutinar som ligg ute frå IKT i samband med bl.a. Velferdsteknologi. Men det er og døme på at der ligg dokument som ikkje er oppdaterte.

I spørjeundersøkinga til einingsleiarar mv. går det fram at systemet blir brukt. Nokon brukar det mykje, men bruken varierer og enkelte gir uttrykk for at dei ikkje er nøgde med systemet.

Innan Helse og sosial er det nyleg lagt fram sak om «Avvik og tiltak i HS-sektoren i 2019». Konklusjonane var der:

- Velfungerande avviksordning i Helse og omsorg.
- Tilsette er flinke til å melde, leiarane er flinke til å følge opp.
- Avvika resulterer i tiltak og læring, sjølv om det har vore ein svak nedgang i andel avvik som er knytt til tiltak.
- Sterk auke i tenestekvalitetsavvik. Dette er avvik skuldast at ein ikkje alltid har tilsette til stade med rett kompetanse/autorisasjon.
- Stor forbetring av responstid.
- Forbetringspotensiale i høve etablering og registrering av tiltak – stort sprik mellom einingane og avdelingane.

I årsmeldinga er det omtalt «Tiltak for å sikre betryggande kontroll..»

«Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling.

*Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart vedtatt i kommunestyret 03.05.18, desse retningslinjene skal reviderast i 2020.*

*Vi har innført nye rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtalar. Det er også laga egne rutinar for kontroll av arbeidsvilkåra til våre leverandørar. Det er gjennomført ein kontroll i 2019, men vi ikkje har kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet på eigenhand så vi har blitt med i ein rammeavtale på konsulentbistand til dette arbeidet, rammeavtalen er utarbeida av Oslo kommune. I 2020 er det planlagt å utarbeide ny strategi for anskaffingar.*

*Det må også etablerast rutinar for eigarskapsmelding.*

*Finansreglement vart revidert 18.10.18 og vi har tertialvise finansrapporteringar, reglementet skal reviderast på nytt i 2020.*

*Arbeidet med revidering av økonomireglementet er i gang og det er behov for store endringar samstundes som økonomibestemmelsane i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020 må innarbeidast i reglementet.*

*Vi har no ei tettare og betre oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad og sendt ut med kommentarar til kommunalsjefar og einingsleiarar. Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær. Meir opplæring og utarbeiding av standard rapportar til budsjettkontroll har også bidratt til å gjere oppfølginga betre.»*

I samband med rekneskapsrevisjonen for 2018 var det enkelte område som vart sett nærare på. I rekneskapsrevisor si rapportering til Kontrollutvalet gjekk m.a. følgjande fram:

#### ***Areal, plan og byggesakshandsaming***

*Kommunen har ikkje skriftlege rutiner for å førebygge mislege høve på dette området. Sakshandsaminga er basert på generell forvaltningsskikk og kommunen sin etiske retningslinjer.*

#### ***Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg***

*Kommunen har ikkje sendt over skriftlege rutiner på området, men har skissert korleis praksis er i dei ulike einingane innan pleie og omsorg. I nokre einingar vert det ikkje oppbevart kontantar på vegne av brukarane i det heile, her har brukaren sjølv, evt pårørande eller verge, ansvaret. I andre einingar vert det handtert mindre kontantbeløp. Vår vurdering er at skissert praksis/rutinar er med på å førebygge misleg framferd.*



*På generelt grunnlag vil vi peike på at formalisering i form av skriftlege rutinar kan vere med å sikre eins praksis og gje auka medvit om god praksis.*

Det vart og sett på rutinar for attestasjon og tilvising, og på rutinar på overføringsområdet. Desse vart vurdert til å vere eigna til å førebyggje feil.

I årsmeldinga for 2018 vart det rapportert på måloppnåing på tenesteområda. Det å sette konkrete målbare mål i planlegginga og rapportere på desse kan vere utfordrande – og kan vere eit område som kan vere eigna å sjå nærare på gjennom ein forvaltningsrevisjon. Som følgje av COVID-19-situasjonen valde ein berre å leggje fram ei forenkla årsmelding for 2019.



## RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

| Risikofaktor                                | Sannsynlegheit for at risiko inntreff  | Konsekvens om risiko inntreff   | S | K | V   |
|---|--|---|---|---|---|
| Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande | Ein del reglement er ikkje oppdaterte, men dette er kommunen bevisst på og arbeidar med. Rev.rapport om inv.budsjettering viste forbedringspotensiale. I kvalitetssystem ligg det både overordna dokument og detaljerte rutinar. | Innbyggjarane kan få for dårlege tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme. | M | M |  |
| Avvikssystem er ikkje tilfredsstillande     | Sula nyttar avvikssystem og har rutine på å registrere og rette opp avvik etter kvart. Spesielt i Helse- og sosial er det ein omfattande bruk av systemet  | Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.   | L | M |  |

## 3.2 OPENHEIT OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnadar for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemd er open og gjennomsiiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

På heimesida til kommunen er det relativt enkelt å finne fram til kontaktinformasjon ved behov for tenester og ved behov for kontakt med politikarar eller andre.



Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan hentast lett ut. Det ligg dokument tilgjengeleg fleire år tilbake.

Postliste er og tilgjengeleg på nett, og her kan ein og søke etter dokument på gitt dato. Ein kan i tillegg søke etter arkivsaker. Men ein kan ikkje søke etter journalpostar utan at det må vere på gitt dato. Dokument som er offentlege ligg til dels opne for innbyggjarane, men nokre dokument må ein be om få sendt over om ein vil ha. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørreskjema til kommunane sjølv. Sula kommune vart rangert som nummer 350 i landet (saman med m.a. Molde). Tre av punkta som drog ned var at det ikkje var god nok kontaktinformasjon til politikarar på nettsida, ein ikkje kunne søke på postjournalen og at ein ikkje hadde byggesaks-systemet sitt på nett.

På forbrukarrådet sin kommunetest kom Sula i 2019 på 395. plass med 33,7 poeng. Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester

## RISIKOVURDERING OPENHEIT OG INNSYN

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff  | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|--|--|---|---|---|
| Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.             | Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside. Har ikkje gjort det bra på nasjonale «testar». | Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid. Kommunen kan få svekka omdøme. | M | M |  |
| Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod | Kontaktinfo og søknadsskjema ligg på heimesida. Det er eige servicekontor.   | Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.              | L | M |  |

## 3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomsiiktig forvaltning og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.

Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Sula kommune nyttar Acos Websak som saks- og arkivsystem, og det er utarbeidd arkivplan<sup>2</sup>. Denne blir kontinuerleg ajourført ved bruk av nye system, og ved lov/forskriftsendringar mv. I arkivplanen går det fram rutinar, arkivorganisering, lover/forskrifter, interne reglar mv.



Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt opp på ein god måte. Sula kommune har eiga rutine på dette der eit av punkta er at arkivtenesta sjekkar restanse kvar månad og skriv ut restanseliste 2 gongar i året.

Fleire eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med Sula kommune. På arkivområdet blir dette gjort av arkivverket. Arkivverket gjennomførte tilsyn med Sula kommune i 2016. Det vart gitt pålegg om retting av 3 avvik:

1. Sula kommune må i samsvar med Riksarkivaren si forskrift kap. IV § 4-5 fastsette kassasjonsfristar for arkivmateriale som ikkje skal bevarast for all tid.
2. Sula kommune må i samhøve med arkivforskrifta §§ 3-14 og 5-4 ordne og listeføre dei bortsatte og eldre og avslutta arkiva som blir oppbevarte i arkivlokala til kommunen.
3. Sula kommune må i tråd med arkivforskrifta § 3-17 ta uttrekk frå det avslutta sak-/arkivsystemet Kontor2000 for deponering.

<sup>2</sup> <https://sula.arkivplan.no/>

## RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

| Risikofaktor                                | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|---|--|---|---|---|
| Arkivering er ikkje tilfredsstillande       | Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav, arkivplan og retningslinjer. Arkivplan blir løpande ajourført. Det blir fortsatt arbeidd med lukking av eit av avvika i tilsyn frå arkivverket. | Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme. | L | M |  |
| Det blir ikkje gjennomført restansekontroll | Det ligg føre rutinar for restansekontroll  | Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme. | L | M |  |

## 3.4 DIGITALISERING


Digitalisering i offentleg sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentleg tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteval. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteval. (Meld. St. 27 (2015-2016)).

Sula kommune satsar både på velferdsteknologi, digitalisering i skulen, digitalisering innan kultur/bibliotek, bruk av elektroniske skjema og digital sakshandsaming.

Det er ikkje utarbeidd ein eigen samla digitaliseringsstrategi for kommunen. Men det er m.a. utarbeidd «*Handlingsplan for digital kompetanse i kultur og oppvekst 2019-2021*» (inkl. Helsestasjonen). Det er usikkert i kor stor grad ein målretta måler effektane av alle tiltak som blir gjennomførte, men det blir rapportert om at til dømes handhaldne terminalar innan pleie- og omsorg har gitt gode resultat.

Kontrollutvalet peika i møtet 26.05. mellom anna på IKT som eit aktuelt område for vidare oppfølging.

## RISIKOVURDERING DIGITALISERING

| Risikofaktor   | Sannsynlegheit for at risiko inntreff  | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|--|--|--|---|---|---|
| Kommunen gjer ikkje nytte av dei mulighetene som digitalisering gir. | Det er og blir gjennomført ei rekkje digitaliseringstiltak. Eit utfordrande område i rask utvikling. | Sakshandsaming tek lang tid. Kommune driv ikkje effektivt. Kan gi svekka omdøme. | M | M |  |

## 3.5 SAKSBEHANDLING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheiter skal handsame saker. Dette er viktige regler fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheiter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.


Eit høgt tal på klager kan vere ein indikator på svak sakshandsaming. Ein gjennomgang i KOSTRA av klager i samband med byggesøknader og planer, viser at tal på klager ikkje er omfattande.

I svara på spørjeundersøkinga til einingsleiarane går det og fram at det ikkje er eit stor omfang av klager i kommunen, sjølv om klager sjølv sagt førekjem.

I kvalitetssystemet til kommunen går det fram relativt omfattande rutinar for sakshandsaming. Det går og fram godt oversyn over slike rutinar i arkivplanen.

Rådmannen legg årleg fram vedtaksrekneskap for politiske vedtak til kommunestyret.

## RISIKOVURDERING SAKSBEHANDLING

| Risikofaktor                               | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens hvis risiko inntreff  | S | K | V   |
|--|---|--|---|---|---|
| Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande. | Kommunen har eit saks- og arkivsystem med malar og rutinar. Ikkje stor omfang av klager. Det blir lagt fram status for gjennomføring av politiske vedtak. | Innbyggjarane kan få for dårlege tenester, eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svakke omdøme. | L | M |  |

### 3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 milliard kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnader, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøpe som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.

Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlige. (Difi).

Sula kommune har ikkje hatt saker i KOFA dei siste åra.

Kontrollutvalet har fokus på dette temaet, og har lagt fram sak til Kommunestyret om konkret sak der kommune hadde gått over terskelverdiar på rammeavtale. Kommunestyret fatta følgjande vedtak i mai 2020:

1. Kommunestyret syner til at anskaffingar i kommunen ofte gjeld store beløp med risiko for kommunalt ansvar dersom det blir gjort feil.
2. Med bakgrunn i saker som det den seinare tida har vore fokus på føreset kommunestyret at administrasjonen legg til rette for at anskaffingsreglane for framtida blir fylgde.
3. Kommunestyret bed om at det administrative tilsynet med kommunen sine innkjøp vert innarbeidd i ei årleg internkontrollrapportering etter kommunelova § 25-2.

4. *Oversendingsforslag til formannskapet der dei må vurdere om det bør vere rapportering 2 gongar årleg og at ein får melding når ein har brukt 80 % av ramma.*


Dette vart og peika på som aktuelt område i Kontrollutvalet sitt møte 26.05.20.

Det er ikkje eiga innkjøpsavdeling i kommunen, men Sula er med i innkjøpssamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar.

Kommunen vedtok i 2018 «Innkjøpspolitikk – felles retningslinjer».

Jf. avsnitt om internkontroll gjekk det i årsmeldinga fram at det er innført nye rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtaler, og det skal utarbeidast nye strategi for anskaffingar i 2020.

#### RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

| Risikofaktor                                | Sannsynlegheit for at risiko inntreff                               | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|---|--|---|---|---|
| Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande | Kommunen deltek i innkjøpssamarbeid. Avdekt brot på terskelverdiar. | Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekkja tillit og omdøme. | M | H |  |

#### 3.7 OFFENTLEG STØTTE

EØS-avtalen sett skrankar for mulegheitene norske myndigheiter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentleg støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.


Kommunen har utarbeidd «Strategisk næringsplan for Sula kommune 2015-2022». Dei overordna måla er å

- Utvikle Sula som ein attraktiv nærings- og bustadkommune
- Utvikle Langevåg til eit sterkt og sjølvstendig sentrum
- Sula ein sentral del av næringsutviklinga i Ålesundsregionen

Vi har forstått det slik at fylkeskommunen frå og med 2020 ikkje gir påfyll til dei kommunale næringsfonda, og det er lite omfang at støtte til næringsverksemd.

Ein må uansett vere merksam på regelverket om offentleg støtte dersom ein inngår kontraktar med til dømes subsidiert husleige eller andre indirekte måtar støtte kan oppstå på.

#### RISIKOVURDERING OFFENTLEG STØTTE

| Risikofaktor                 | Sannsynlegheit for at risiko inntreff                    | Konsekvens om risiko inntreff | S | K | V   |
|------------------------------|--|-------------------------------|---|---|---|
| Kommunen gir ulovleg støtte. | Komplisert regelverk. Omfanget av støtte er ikkje stort. | Urettferdig. Svekkja omdøme.  | L | M |  |

### 3.8 ETIKK OG VARSLING



Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefalar at dei etiske retningslinjene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlige rutinar for dette.

Sula kommune har (jf. avsnitt om internkontroll) vedtekne etiske retningslinjer for tilsette og politikarar. Desse blir tatt fram og gått gjennom med jamne mellomrom. Desse skal reviderast i 2020. Det er vidare slik at det m.a. innan Helse og Sosial blir det gjennomført såkalla etisk refleksjon i dei ulike einingane.

#### RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff  | Konsekvens hvis risiko inntreff   | S | K | V   |
|---|--|---|---|---|---|
| Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.        | Etiske retningslinjer er tilgjengeleg for tilsette. Desse blir gått gjennom med jamne mellomrom. | Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme. | M | M |  |
| Det blir ikkje lagt til rette for varsling av mislegheiter. | Kommune har prosedyre og system for varsling.  | Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme. | L | M |  |

### 3.9 INFORMASJONSSIKKERHEIT OG PERSONVERN

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndighetene si satsing på ein heildigital offentleg forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemdprosessar.

Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit. Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyringar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrning av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengelegheit og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvene til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.


Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningslinjer i form av ein «informasjonstryggleikspolicy» for verksemda. (nettvett.no).

Sula har utarbeidd rutine for sjekk av journalposter før dei blir lagt ut til innsyn. Rutina blir gjennomført kvar arbeidsdag av to personar før det blir lagt ut.

Sula kommune har eige personvernombod. Ombodet si oppgåve er å informere og gi råd om personvernregelverket og kontrollere at kommunen er innanfor personvernregelverket. Informasjon om ordninga er tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Det ligg vidare ute opplysningar om korleis opplysningar blir handsama i kommunen.

Dei siste åra har ei rekke kommunar tatt i bruk ulike «apper» til kommunikasjon mellom foreldre og tilsette i skular og barnehagar. Det har vore tilfelle der personopplysningar har blitt gjort tilgjengeleg for personar som ikkje skulle ha slik informasjon. Det er viktig at kommunar ved innføring av «apper» eller liknande, sikrar at desse ikkje fører til at sensitive opplysningar blir tilgjengeleg for andre enn dei som har rett til dette.

## RISIKOVURDERING INFORMASJONSSIKKERHEIT

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff   | S | K | V   |
|---|---|---|---|---|---|
| Informasjons-tryggleiken er ikkje tilfredsstillande | Kommunen har eige personvernombod. Sula kommune samarbeider med Ålesund om IKT og tilgangar, og sikkerheit blir lagt høg vekt på. | Sensitive personopplysningar eller opplysningar som er viktige for drift av kommune kjem uvedkomande i hende. Tilsette som har behov for tilgang til informasjon får ikkje dette. | L | M |  |

### 3.10 ARBEIDSMILJØ

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggjande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.

Det fins ei rekkje lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtfredsheit og færre jobbrelaterte helseplager.

KS sin statistikk<sup>3</sup> viser at det var ei auke i sjukefråveret frå 8,8% til 9,6% frå 2018 til 2019 (tal ved utgangen av 3.kvartal begge åra).

I 2019 var tilsvarande tal for andre kommunar 9,8%.

I samband med tertialrapportering rapporterer einingane om status på sjukefråvær og årsaker/tiltak. I årsmeldinga går det fram at kommune har

*«laga eigne system for å fange opp ønske om utviding av stillingsprosent. I tillegg til at den enkelte leiar vurderer eigne stillingsressursar og løysingar innafør eige ansvarsområde, er det iverksett ulike prosjekt og tiltak som går på tvers av fagområda.»*


I spørjeundersøkinga til einingsleiarar går det fram at rekruttering at rett kompetanse er utfordrande i enkelte sektorar/einingar. Turnover/sjukefråvær kan og vere utfordrande enkelte stadar.

Kommunen har bedriftshelseteneste og er del av avtale om Inkluderande arbeidsliv.

I kvalitetssystemet ligg det inne personalhandbok. Det er og eigen del om HMT der oversyn over verneombod og lenker til regelverk og rettleiingar mv. ligg føre. Det er utarbeidd lønspolitiske retningslinjer.

Det går fram i spørjeundersøkinga at det med jamne mellomrom blir gjennomført medarbeidarundersøkingar. Det blir opplyst om at ein gjennomfører medarbeidarsamtalar.

## RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ

| Risikofaktor   | Sannsynlegheit for at risiko inntreff  | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|--|--|--|---|---|---|
| Arbeidsgjevaransvaret blir ikkje ivareteke på ein tilfredsstillande måte | Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtalar. IA-bedrift, verneteneste og bedriftshelseteneste. | Kommunen sitt omdømme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidarar vanskelegare. | L | M |  |

### 3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Kommunal beredskapsplikt i 2017. Det vart avdekt følgande avvik:

*Sula kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.*

I tillegg vart det gitt nokre merknadar. ROS-analyse som ligg på heimesida er frå 2013.

<sup>3</sup> <https://www.ks.no/fravarstall>




Det ligg føre «Overordna beredskapsplan» med siste endringar gjort i september 2019. Planen viser kven som inngår i kriseleinga og diverse ansvarsområde.

Det ligg føre Beredskapsplan for helse- og sosialtenetesta. Denne er ikkje datert, men er nok ikkje oppdatert på ei stund. Kommunen har både smittevernplan og pandemiplan. Smittevernplan var revidert i september 2014. Pandemiplanen er frå 2009.

Det blir opplyst at kommunen jamleg trener på situasjonar som kan oppstå, og at det også nyleg hadde vore gjennomført trening på beredskap i høve pandemi.

#### RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

| Risikofaktor   | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|--|---|--|---|---|---|
| Kommunen ivaretek ikkje krav til samfunns-sikkerheit og beredskap. | Det ligg føre ROS-analyser og beredskapsplaner mv. Ansvar og oppgåver er bestemt. Planar blir jamleg gått gjennom, og det blir gjennomført øvingar. | Hendingar kan føre til unødvendige følgjeskadar som følge av dårleg handtering. Kommunen sitt omdøme kan bli svekka. | L | H |  |

## 4 KOMMUNALE TENESTER – SEKTORAR

### 4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode muligheiter til å klare seg vidare i livet<sup>4</sup>. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som fyller 1 år innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi.

13.11.2018 gjennomførte Fylkesmannen *Tilsyn med Sula kommune som barnehagemyndigheit*. Det vart avdekt følgjande lovbrøt:

*Barnehagelova § 8: kommunen som barnehagemyndigheit.*

- *Sula kommune brukar ikkje kunnskapen dei har om kvar enkelt barnehage til å gjere risikovurderingar for å vurdere behovet for rettleiing og tilsyn.*
- *Sula kommune nyttar ikkje tilsyn som verkemiddel der dette er nødvendig for å sjå til regelverksetterleving etter barnehagelova hjå barnehageeigar.*
- *Sula kommune formidlar ikkje sine vurderingar skriftleg til barnehageeigar i tilfelle der dei ikkje avdekkjer regelverksbrøt.*

Barnehageområdet i Sula hadde eit mindreforbruk i 2019. Dette skuldast i hovudsak at det var færre barn frå Sula i private barnehagar enn budsjettert. Små endringar i tal på barn kan gi store utslag økonomisk.

På barnehagefakta.no finn ein informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit hausten 2019 (maks 5,0) var for Langevåg barnehage 4,3, Måseide barnehage 4,5, Molvær barnehage 4,7 og Sunde barnehage 4,3. Det nasjonale gjennomsnittet var 4,5.




Det blir og gitt informasjon om barnehagen oppfylte pedagognormen per 15.12.2019. Av 9 barnehagar som blir omtalt blir det opplyst at 5 oppfyller pedagognormen utan dispensasjon. Dei resterande har dispensasjon, av desse finn vi 2 kommunale.

---

<sup>4</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/Rett-til-barnehageplass/id2344761/>

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga er om lag på same nivå i Sula som landet elles og i samanliknbare kommunar. Det går vidare fram i KOSTRA at andel born 1-5 år som går i barnehage er høgare enn samanliknbare kommunar og landet elles.

#### RISIKOVURDERING BARNEHAGE

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|---|--|---|---|---|
| Barnehagane held ikkje økonomisk ramme                    | Barnehageområdet hadde eit mindreforbruk i 2019. Budsjettet for 2020 er litt redusert. Stor andel private barnehagar som skal ha tilskot, og det kan bli utslag ved endringar | Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.                                  | L | M |  |
| Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande       | Fleire barnehagar har dispensasjon frå pedagognormen. Andel barnehagelærarar er som samanliknbare kommunar.   | Barna får ikkje eit kvalitativt godt nok tilbod  | L | M |  |
| Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass | Barnehagedekninga er relativt god.  | Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnytta. Mindre tilflytting og vekst | L | M |  |

#### 4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynnte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kilde: regjeringen.no)

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI)<sup>5</sup> samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimar, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valgfag og PPT. GSI for skuleåret 2019-2020 opplyser m.a. at 2,4% av undervisningspersonalet i Sula kommune ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Dette er ein del lågare enn tilsvarande i gjennomsnitt for landet og fylket.

Det blir gjennomført årlege elevundersøkingar. Det går fram at det ikkje er store forskjellar i læringsmiljø i høve gjennomsnitt landet elles og kommunane i fylket. Data har tidlegare vist eit relativt høgt tal på mobbing, men for skuleåret 2019/20 er no dette talet lågare enn nemde gjennomsnittstal.

<sup>5</sup> <https://www.gsi.udir.no/>

Eksamensresultata for 10.klasse skuleåret 18/19 viste at ein var om lag på nivå med landet og fylket i norsk skriftleg og engelsk skriftleg, men at ein hadde ein halv karakter betre enn landet og fylket i matematikk skriftleg.





Kommunane skal årleg utarbeide ein obligatoriske tilstandsrapporten jf. Opplæringslova §13-10. Det blir no arbeidd med ny rapport i 2020. Rapporten for skuleåret 18/19 gir god informasjon om skulane og der og tilbakemeldingar frå rektorar går fram.

Skulane i Sula hadde ca 1,7 mill. kroner i meirforbruk i 2019.

PPT har levert avviksmelding på manglande kapasitet/for lang sakshandsamingstid og vurderer at det er kapasitetsproblem knytt til å nå sine mål. Det kan ut frå tilstandsrapporten for skulane sjå ut til at skulane er nøgde med fagligheit og samarbeid med PPT, men at det kan vere for lang ventetid.

Vaksenopplæringa er organisert som avdeling ved Sula ungdomsskule. Det blir kjøpt tenester frå Ålesund kommune når det gjeld norskopplæring for innvandrar og grunnskuleopplæring for vaksne. Vaksenopplæringa og dei med erverva skade og afasi helt til på Molvær senter. Det ligg ute informasjon om tenestene og kontaktar på heimesida til kommunen. Det er og utarbeidd eige informasjonshefte.

## RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

| Risikofaktor   | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff   | S | K | V   |
|--|---|---|---|---|---|
| Skulane held ikkje økonomisk ramme                       | Skulane i Sula hadde eit meirforbruk i 2019.  | Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme. | M | M |  |
| Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande  | Det blir utarbeidd tilstandsrapport. Stor del som oppfyller kompetansekrav.                               | Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte  | L | H |  |
| PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg                  | Slit med kapasitet, men informasjon tyder på god kvalitet og samarbeid skule/PPT.                         | Elevane får ikkje dei PP-tenestene dei har krav på og det gir lågare læringsutbytte             | M | M |  |
| Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande | God informasjon på heimesida. Innhenta informasjon gir ikkje grunnlag for å tru at tilbodet ikkje er bra. | Svak utnytting av den enkelte sine evner, og kan gjere integrering vanskelegare.                | L | M |  |

## 4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god legedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kilde: regjeringen.no)

I Sula er helsestasjonstenesta er ein del av TBU (Tiltakseining for barn og unge). Kommunen har erfart at (kjelde budsjettokumentet):

*Samorganisering av dei tre fagområda helsestasjon/skulehelseteneste, barnevernet og PPT og eit tett samarbeid med barnehagar og skular har styrka kvaliteten i tilbodet til barn og unge i Sula.*

Det var ikkje store budsjettavik i helsetenesta verken i 2018 eller 2019.





KOSTRA viser at gjennomsnittlig listelengde for legane i Sula (913 pasientar) er lågare enn samanliknbare kommunar (1039) og landet utanom Oslo (1049). Dersom ein korrigerer for kommunale timar er tala for Sula 1082 pasientar, medan det for KG-gruppe 10 er 1121 og landet utanom Oslo 1156. I KOSTRA går det og fram at andel kvinnelege legar har gått litt ned (25%), og er fortsatt lågare enn samanliknbare kommunar (43,4%) og landet utanom Oslo (45,5%).

Det er vidare også slik at avtalte legeårsverk pr. 10.000 innbyggjarar er noko lågare i Sula (9,6) enn samanliknbare kommunar (10,8) og landet utanom Oslo (11,5%)

KOSTRA-tal viser vidare at andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn etter heimkomst frå fødeavdeling (95,6%) har auka dei siste åra. Det er høgare enn landet utan Oslo (47,4%) og samanliknbare kommunar (54,3%). Antall nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst er 100%. Vidare er eit høgare tal på avtale årsverk pr. 10.000 innbyggjarar 0-20 år (54,6%) enn samanliknbare kommunar (49%) og landet utanom Oslo (44,1%).

Kommuneoverlege er tilsett i 20% stilling. Helsetenesta melder at dette i periodar er for lite. Det er heller ikkje er i tråd med Kommunelegeavtalen (KS og legeföreningen) §13.3 der det går fram at kommunen skal legge til rette for minimum 50% stilling til kommuneoverlege.

## RISIKOVURDERING HELSE

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|---|--|---|---|---|
| Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme   | God budsjettkontroll dei siste åra  | Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme. | L | M |  |
| Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande    | Statistikk og innhenta informasjon tilseier at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på. | Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.                              | L | M |  |
| Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande | Auka kapasitet. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.      | Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.  | L | M |  |
| Legedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande                                     | Lav listelengde. Ingen pasienter står på liste utan lege. Lav stillingbrøk på kommuneoverlege.  | Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.  | M | M |  |

## 4.4 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærare undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Fordi lovgjeverane ser det som så viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppdraging, men det har og plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyttar. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801).

Barnevern var eit av områda kontrollutvalet nemnde i samband med Risiko- og vesentlegheit.

Barnevernet ligg under Tiltakseining for barn og unge (TBU) (saman med PPT og helsestasjon/skulehelsetenesta). KOSTRA-tal syner at barnevernet har eit høgare tal på barn med undersøking pr. årsverk (30,8) enn samanliknbare kommunar (21,5) og landet elles (19,2). Vidare at andel barn med barnevernstiltak (4,4%) er noko lågare enn samanliknbare kommunar (4,8%) og noko høgare enn landet utanom Oslo (3,8%).

Einingsleiar meldar at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet for sakshandsaming i barnevernet.

Det var eit meirforbruk på 2,2 mill. kroner innan barnevern i 2019.

Vi har forstått det slik at status i TBU (og dermed barnevern) no framover også skal presenterast saman med den obligatoriske tilstandsrapporten for grunnskulen. Det blir vidare nemnt at organiseringa kommunen har valt med å samle tenester i TBU gjer at samarbeidet på tvers blir enklare.

## RISIKOVURDERING BARNEVERN

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff                                    | S | K | V |
|---|---|--|---|---|---|
| Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande | Tal på barn med undersøking per årsverk er høgt. Tal på undersøkingar med handsaming innan 3 mnd er som gj.sn. Kan stillast spørsmål ved om kapasiteten er god nok. | Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstenestene dei har krav på. | M | H |   |

## 4.5 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn.

Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at brukar så langt som mulig kan leve og bo sjølvstendig og ha ein aktiv og meningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphald i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assistentar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleiksalarm. (Kilde: regjeringen.no).

Helse- og omsorg er eit av områda som kontrollutvalet tok opp i samband med diskusjon om Risiko- og vesentlegheit.

Kommunestyret vedtek budsjettet på samla nivå for heile Helse- og sosial. Samla budsjett var på 235,8 mill. kroner, og det vart ei meirforbruk på 0,9 mill. kroner. Sjølv om budsjettvedtaket er ein samlepot, kan det likevel vere av interesse å sjå på resultat på einingane. Pleie og omsorg i Sula kommune er delt på Sulatunet, Heimetenester, Bukollektiva og Bu- og aktivitetsstenesta.

Sula rapporterte inn 53,8 mill. kroner i utgifter til ress.krevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 27,9 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter 45,4 mill. kroner og tilskotet 22,1 mill. kroner. Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

Omfanget av betaling til helseføretaket for utskrivingsklare pasientar har dei 3 siste åra vore svært lavt i Sula.

Det vart gjennomført brukarundersøking ved innan pleie og omsorg i 2018. Dette er m.a. følgt opp med presentasjon av resultatata for Bukollektiva og Sulatunet i Fagutval for helse- og sosial.

Helse- og omsorgsplanen gjeld 2015-2019, men arbeidet med ny plan er igangsett både politisk og administrativt.

KOSTRA-tal viser at kommunen har ein lågare andel innbyggjarar 80+ som bur på sjukeheim (4,1%) enn samanliknbare kommunar (9,9%) og landet elles (11,3%). Tilsvarande tal for bruk av heimetenester er 44,9% i Sula mot 31,3% i samanliknbare kommunar og 30,3% i landet utanom Oslo. Det er vidare slik at tala for denne gruppa som bur i bustad med bemanning heile døgnet var 12,9% i Sula, 6% i samanliknbare kommunar og 3,8% i landet utanom Oslo.

Kommunen fekk i 2018 utarbeidd ein omfattanda rapport frå Agenda Kaupang med *Tjenesteanalyse pleie- og omsorgstenester i Sula kommune*. Denne er no med som del i arbeid med rullering av eksisterande *HELSE- OG OMSORGSPLAN 2015 – 2019*. Det ser ut til å vere stort fokus på denne sektoren både politisk og administrativt.

I budsjettdokumentet går det fram at kapasiteten i heimetenestene framleis blir opplevd som knapp. Vidare at tilbodet til funksjonshemma vart styrka i budsjettet for 2020. Vidare at bustadsmassa til

funksjonshemma ikkje er godt nok egna. Det er lagt inn investeringsmidlar til nye bustader. Det er ein vekst i utgifter til yngre funksjonshemma personar under 66 år.

## RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V |
|---|---|--|---|---|---|
| Sjukeheim held ikkje økonomisk ramme                                | Sulatunet hadde eit mindreforbruk på 3 mill. kroner.  | Sjukeheim brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.          | L | M |   |
| Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma                      | Nesten ikkje rekning på utskrivingsklare pasientar dei siste åra.   | Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap. | L | M |   |
| Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande                   | Det blir gj.ført brukarundersøkingar som blir følgde opp. Timar til fysioterapi noko høgare enn andre.  | Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.                                 | L | M |   |
| Heimetenestene held ikkje økonomisk ramme.                          | Heimetenestene hadde eit meirforbruk på 2,9 mill. kroner. Budsjetten for 2020 er styrka.  | Heimetenestene brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.     | M | M |   |
| Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande                | Knappe ressursar, men det ser ut til å bli ytt tenester som brukarane har krav på.  | Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.                                     | L | M |   |
| Bukollektiv og bu- og aktivitetstenesta held ikkje økonomisk ramme  | Bukollektiva hadde eit meirforbruk p 0,6 mill. kroner, og Bu- og aktivitetsteneste eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner. Budsjett 20 er styrka.      | Tenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.            | M | M |   |
| Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande | Tilbodet prioritert styrka, og også inv.midlar til bustader til funksjonshemma. Ser ut til å bli prioritert, men samstundes ei auke i etterspurnad. | Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelp dei har krav på.                        | L | M |   |

## 4.6 PSYKISK HELSE OG RUS

I spørjeundersøking til formannskap og komitéleiarar var Psykisk helse og rus det området flest framheva som der kommunen har størst utfordringar.

Det blir arbeid med dette fagfeltet på tvers av ei rekke einingar i kommunen. Til dømes meldte barnevernet i samband med handlingsplanarbeidet i 2016 at «Av dei 130 sakene vi har i dag er 42 saker rusrelaterte (det vi kjenner til) – 12 relatert til alkohol, resten er illegale stoff».

Kommunen har «Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2016-2020» der det gjekk fram tiltaksområde og kva sektorar/einingar som har ansvar for å følgje opp. Ny handlingsplan blir handsama medan dette dokumentet blir skriva.

Det er tilsett kommunepsykolog i full stilling.


KOSTRA-tal viser at årsverk psykiatriske sjukepleiarar pr 10.000 innbyggjarar (2,8) er lågare enn samanliknbare kommunar (4,4) og landet utanom Oslo (4,)). Tala viser vidare at andel netto



driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem av netto driftsutgifter til sosialtenester er høgare i Sula (21,2%) enn samanliknbare kommunar (10,4%) og landet utanom Oslo (13,9%). Hovudforklaring på dette er at Sula har lågare utgifter til Sosialscoren samla.

I spørjeundersøkinga til formannskap/utvalsleiarar var psykisk helse og rus det fagområdet som flest hadde merka av som område med største utfordringar framover.

#### RISIKOVURDERING PSYKISK HELSE OG RUS

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff                                | S | K | V   |
|---|---|--|---|---|---|
| Kvaliteten ved kommunale tenester innan psykisk helse og rus er ikkje tilfredsstillande | Kan vere utfordrande med arbeid på tvers av einingar. Har tilsett kommunepsykolog. Oppdaterer ruspolitisk handlingsplan med deltaking frå mange sektorar. | Innbyggjarar med behov får ikkje den hjelpa dei har krav på. | L | H |  |

#### 4.7 NAV - SOSIALTENESTE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

NAV skal bidra til å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein godt fungerande arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta behova til vanskelegstilte grupper og kjempe mot fattigdom, m.a. ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har også ansvar for å sikre inntekt ved arbeidsløyse, svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall. (Kjelde: regjeringen.no)


KOSTRA-tal viser at tal på mottakarar av sosialhjelp gjekk opp frå 2018 til 2019, men at det framleis er færre enn i 2017. Det same gjeld tal på mottakarar av sosialhjelp med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald. Tal på mottakarar 18-24 år har gått ned.

I budsjett og økonomiplan går det fram at det i perioden 2015-2018 var ein lågare andel mottakarar av sosialhjelp i Sula kommune enn samanliknbare kommunar. Vidare at det og vart brukt mindre til dette formålet pr. innbyggjar enn samanliknbare kommunar. Det blir og meldt at NAV Sula har god måloppnåing når det gjeld å få fleire avklart til arbeid og aktivitet og færre på stønad.

I økonomiplanen er det signalisert at det er kapasitetsproblem knytt til lokala som NAV held til i.

Kommunen har utarbeidd Bustadsosial handlingsplan 2019-2023 med overordna mål, delmål og handlingsplan.

#### RISIKOVURDERING NAV

| Risikofaktor                                  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff                                | Konsekvens om risiko inntreff  | S | K | V   |
|---|--|--|---|---|---|
| Kvaliteten ved NAV er ikkje tilfredsstillande | God måloppnåing og låge utgifter. Auke i talet på mottakarar i 2019. | Brukarane får ikkje den hjelpa dei treng. Samfunnet får ikkje nytta arbeidskrafta godt nok. Kommunen kan få auka utgifter. | L | M |  |

## 4.8 KULTUR



I 2019 hadde Kultur reelt eit rekneskap i samsvar med budsjett. Den største posten er Musikk og kulturskolen, og deretter kjem biblioteket. Dei 3 siste åra har netto driftsutgifter vore 2,2% av totale netto driftsutgifter kvart år. Både netto driftsutgifter pr. innbyggjar og i prosent av totale utgifter, er lågare enn samanliknbare kommunar.

Andel born i kulturskolen auka til 21,1% i 2019, og var då om lag på same nivå som samanliknbare kommunar.

Kommunen har Kulturplan 2017-2021. I planen går det m.a. fram at kulturlivet i Sula er prega av eit stort mangfald og nær 100 lag og organisasjonar, og at kommunen årleg yter tilskot av forskjellig karakter. Planen er og omtala i budsjett- og økonomiplandokument for 2020-2023.


Det blir gitt uttrykk for at det er utfordrande med fleire og aukande kutt på kulturområdet mtp å yte gode og tilrettelagte tenester innan bibliotek, ungdomsarbeid, kulturskule, inn mot frivilligheita mv.

### RISIKOVURDERING KULTUR

| Risikofaktor  | Sannsynlegheit for at risiko inntreff   | Konsekvens om risiko inntreff   | S | K | V   |
|---|---|---|---|---|---|
| Kultur held ikkje økonomisk ramme                     | I balanse 2019.   | Kultur brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.                                    | L | M |  |
| Kvaliteten i kulturtenesta er ikkje tilfredsstillande | God oppslutning om kulturskolen. Stort engasjement frå frivillige lag og organisasjonar. Brukar mindre enn samanliknbare kommunar. Utfordrande økonomisk. | Mindre kultur og fritidstilbod til innbyggjarane. Dårligare tilrettelagt for språk og leselæring. Mindre attraktiv kommune å bu i | M | M |  |

## 4.9 TEKNISK

Det går fram budsjettdokumentet for 2020 at: Dei tekniske tenestene i Sula kommune omfattar plansaker, byggesakshandsaming, oppmåling, eigedomsforvaltning veg ,vatn, avlaup, slam, renovasjon, feiing, brann og redning Tenestene er organisert i tre driftseiningar og ei avdeling for brann- og redning. Vidare var det framstilt eit slikt organisasjonskart:



Kommuneplanen sin arealdel for 2015-2025 vart vedtatt i 2015. I følgje tala frå KOSTRA har det vore 4 vedtekte reguleringsplanar per år dei siste åra. Dette er eit vanleg nivå i høve til folketalet.

Når det gjeld byggesøknadar er det oppgitt 222, 190 og 161 søknadar per år for respektivt 2017, 2018 og 2019, slik at trenden ifølgje KOSTRA er ein nedgåande tal på søknadar. Det er vidare oppgitt at 35 søknadar i 2019 var saker med 3 vekers frist, medan det var oppgitt 13 slike saker for 2018. Dette er so vidt lågt at det kan vere ein feilrapportering.

Vi har satt opp ein tabell over nokre viktige indikatorar innan byggesak:

| Nøkkeltall   | Sula |      |      | Kostra-gruppe 10 | Landet uten Oslo |
|--|------|------|------|------------------|------------------|
|  | 2017 | 2018 | 2019 | 2019             | 2019             |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)  | 14   | 20   | 20   | 21               | 18               |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager) | 65   | 41   | 46   | 40               | 37               |
| Andel av innvilgete byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon   | 22   | 12   | 3    | 21               | 17               |
| Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)           | ..   | ..   | 0    | 14               | 884              |
| Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget     | ..   | ..   | ..   | 97               | 95               |

Av tabellen les vi også at 22 % og 3 % av byggesøknadane for respektivt 2017 og 2019 var dispensasjonssaker, og at 22 % er eit nokolunde normalt nivå. Av talla frå KOSTRA går det også fram at det ikkje er oppgitt data i høve til søknadar om bygging i strandsona og at dispensasjon knytt til landbruksareal.

Når det gjeld tilsyn retta mot byggeverksemd der det ikkje er søknadsplikt, er det ikkje oppgitt tall for 2017 og 2018, medan det er rapportert inn 0 for 2019. Det er vår erfaring at tilsynsarbeidet generelt, har vore noko nedprioritert hos kommunane som følgje av knappe ressursar, men at temaet har ein stadig tilbakevendande aktualitet. Eininga melder sjølv om at det m.a. er utfordring knytt til kapasitet til å følgje opp tilsynsfunksjonen. Ein tek sikte på å tilsetje jurist/saksbehandlar i 2020 for å auke kompetansen på plan og byggesak. PBO (Plan, byggesak og oppmåling) fekk 25 klager på politiske og delegerte vedtak i byggesaker i 2019.

I årsmeldinga går det fram eit meirforbruk på 1 mill. kroner i TEO (Teknisk område). Vidare hadde VAR eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner og PBO eit meirforbruk på 0.8 mill. kroner.

Det vart utarbeidd «Trafikktryggingssplan 2015-2020» i 2015. Det er og vedteke «Hovudplan for avløy 2011-2021».

Det er inngått avtale med Ålesund brannvesen KF om kjøp av tenester innan brann og redning. Det er m.a. lagt opp til styrka lokal beredskap med utrykningsleiar på vakt.

Det kan sjå ut til at Sula bruker mindre til Vedlikehald av bygg enn samanliknbare kommunar (KOSTRA) som del av dei frie inntektene. Samstundes viser tala ei auke i netto driftsutgifter til forvaltning av eigedom pr. innbyggjar. Det ser ut til å bli arbeidd godt, men i ein vanskeleg økonomisk situasjon er det fort vedlikehald som kan bli nedprioritert.

Kommunale vegar hadde eit meirforbruk på 1,5 mill. kroner i 2019. Sjølv om det ikkje var nokon snørrik vinter var mellom anna vintervedlikehald 0,4 mill. kroner over budsjett. Det blir signalisert at det er utfordringar knytt til veg og vekst i kommunal infrastruktur, og det er også meldt inn stort etterslep på vedlikehald.

Når det gjeld organiseringa av vatn , avløp og renovasjon ligg desse tenestene under avdelinga for kommunalteknikk. Sula har ikkje ei eigen produksjon av vatn, men distribusjonettet ligg under avdelinga. Kommunen er knytt det regionale samarbeidet om innsamling av hushaldsavfall og slam.

Det går fram av budsjettet for 2020 at driftseininga har kapasitet til å planlegge dei fleste små og mellomstore investeringane i tekniske anlegg sjølv. Under utfordringar står det:

